



Miljødirektoratet
Postboks 5672 Torgarden
7485 TRONDHEIM

Saksbehandlar, innvalstelefon
Stein Byrkjeland, 5557 2114

Krossfjorden marine verneområde - revidert framlegg til grenser

Vi viser til møte i Bergen 29. januar 2019 og skriv frå Miljødirektoratet av 14. mars 2019, der Fylkesmannen vert oppmoda om å teikne eit revidert vernekart for Krossfjorden marine verneområde, der alle eksisterande akvakulturanlegg med tilhøyrande ankerfeste vert liggjande utanfor vernegrensene.

Eit slikt revidert kart ligg vedlagt. Om ein gjer desse endringane, vert kandidatområdet redusert frå 207 km² etter høyringsrunden til 192,8 km² no. Av dette er 340 dekar (daa) av sjøarealet allereie verna, ettersom det ligg 2 sjøfuglreservat i kandidatområdet der også dei nære sjøareala kring hekkeholmane er underlagt eit vern. Slik har det vore sidan 1987.

Etter framlegg til verneforskrift for området vil drift og vedlikehald av eksisterande akvakulturanlegg vere tillate. Den aktuelle endringa vil såleis ikkje få konsekvensar for aktørane i denne næringa, men vert gjort etter ønske frå næringa. Endringa skal ikkje forståast slik at akvakulturverksemd ikkje vert akseptert innanfor dei reviderte grensene. Fylkesmannens tilråding til direktoratet frå 2017 står ved lag. Der heiter det at nye søknadar om akvakultur skal vurderast etter verneforskrifta og ikkje vere i strid med føremålet med vernet. Dei må sjølvstendig også vere avklart etter plan- og bygningslova, og ha dei rette løyva etter aktuelle sektorlovverk.

Under høyringa var vi i kontakt med ei akvakulturverkdemd som er etablert i Austefjorden i Sund. Anlegget ligg i dag på ein lite gunstig lokalitet, og dei fremja ønske om å kunne flytte anlegget til ein spesifikk lokalitet innanfor kandidatområdet. Med utgangspunkt i framlagde videoopptak frå havbotnen i området dei ønskte å flytte til, har Fylkesmannen vore open for ei slik løysing, sjølvstendig under føresetnad av at den nye lokaliteten var planavklart og også godkjend av dei aktuelle sektorstyresmaktene.

Etter ønske frå denne verksemda justerte vi difor vernegrensa etter høyringa, slik at tiltaket kunne gjennomførast utan at ein måtte vurdere flyttinga etter verneforskrifta. Like før påske i år mottok likevel Fylkesmannen søknad om dispensasjon frå kommuneplanen, der firmaet no søker om å få flytte til eit noko anna område enn det vi diskuterte under høyringa. Også dette området ligg innanfor kandidatområdet, men her har vi så langt ikkje sett grunnlag for å revidere vernegrensa. Fylkesmannen har meint at denne nye lokaliteten er meir kontroversiell, ikkje nødvendigvis for det eventuelle marine verneområdet, men av meir allmenne miljøfaglege årsaker. Vi har såleis rådd i frå



at det vert gitt dispensasjon, og at saka i staden vert handtert i den reviderte kommuneplanen som er under arbeid. Eventuell handtering etter verneforskrifta får vente til dette er avklart.

I samarbeid med Norsk institutt for naturforskning og Statens naturoppsyn har Fylkesmannen sidan 2000 overvaka hekkebestanden av ærfugl langs delar av kysten i Hordaland. To av registreringsfelt ligg i Sund kommune, innanfor kandidatområdet. Bestandsutviklinga for denne arten er negativ i Hordaland som elles i Noreg, men særleg i området som ligg vest for Tofterøy og Telavåg i Sund er nedgangen særskild sterk. Her er bestanden redusert frå vel 600 individ på det meste til berre 4 individ ved årets registrering. Ei så dramatisk utvikling *må* vere relatert til næringstilgangen, som for ærfuglen sin del i stor grad er blåskjel. Det har vore store negative endringar i blåskjelbestanden dei seinare åra mange stader i landet, men tilbakegangen er ikkje like sterk alle stader. Utviklinga har sterk påverknad på den norske kystnaturen, men ein kjenner ikkje årsakene til denne dramatiske utviklinga.

Blåskjel er botnlevande muslingar og inngår såleis i verneføremålet for norske marine verneområde. Dei har ein sentral plass i økosystemet og er viktig næring for ei rekke marine artar. Det er viktig å få klarlagt årsakene til denne utviklinga. Vi vil oppmode sentrale miljøvernstyresmakter om å ta initiativ til å sette i verk relevant forskning på dette problemfeltet, og slik framskaffe kunnskap som er overførbar til heile Norskekysten. Med utgangspunkt i ein dokumentert dataserie over 20 år om bestandsutviklinga for ærfugl i Sund, vil vi meine at delar av Krossfjorden kan vere eit eigna referanseområde for ei slik undersøking.

Lurefjorden og Lindåsosane

Dette kandidatområdet er mindre eigna for akvakultur enn Krossfjorden, og vi ser ikkje grunnlag for å revidere vernegrensene her. Det ligg frå før av 6 sjøfuglreservat i dette kandidatområdet. Samla sjøareal som er underlagt vern etter naturmangfaldlova frå tidlegare (sidan 1987) er her 184 daa.

Med helsing

Kjell Kvingedal
miljødirektør

Stein Byrkjeland
fagdirektør


Dokumentet er elektronisk godkjent

Vedlegg:


1 Krossfjorden_alternativ grense 14. mars 2019

Kopi til:

Sund kommune	Postboks 23	5371	SKOGSVÅG
Os kommune	Postboks 84	5202	OS
Tom Dybwad			
Austevoll kommune	Kommunehuset	5392	STOREBØ
Bergen kommune	Postboks 7700	5020	BERGEN
Hordaland fylkeskommune	Postboks 7900	5020	BERGEN
Fiskeridirektoratet	Postboks 185 Sentrum	5804	BERGEN
Egil Roll			



Figuren viser tal voksne hannar av ærfugl registrert i 9 referanseområde i Hordaland 2000-2019. To av desse referanseområda ligg i Krossfjorden marine verneområde (sjå under). Også hoer og unge fuglar vert registrerte, men det er talet på voksne hannar som gir det beste biletet av bestandsutviklinga.



Bestandsutviklinga for ærfugl i to referanseområde i Sund 2000-2019. Blå strek: Kystavsnittet Svinetangen-Vikso (Sund SØ). Raud strek: Øykomplekset aust for Tofterøy og Telavåg (Sund V).

